




Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Lærdal kommune
Postboks 83
6886 LÆRDAL



Vår dato: 10 SEPT. 2013
Vår ref.: NVE 201200768-6 rv/sme
Arkiv: 412 /073.Z
Dykkar dato:
Dykkar ref.: 11/610-6

Sakshandsamar:
Siss-May Edvardsen

Flaumsikring og utrekning av ny vassline for Lærdalsøyri

Vi viser til Lærdal kommune sin søknad om stønad til planlegging og gjennomføring av sikringstiltak ved Lærdalsøyri, dagsett 08.05.2012, og til seinare korrespondanse vedkommande modellering av Lærdalselvi i samband med planlegging av sikringstiltak. I brev dagsett 16.07.2012 har NVE gjeve førebels tilbakemelding om at vi vil delta i flaumsikring av Lærdalsøyri, både i høve til planlegging og gjennomføring av sikringstiltak. Vi finn grunn til å understreke at vi førebels ikkje har bestemt kva omfang vår deltaking skal ha når det gjeld finansiering, og heller ikkje når vi kan gi bistand. Vi gjer merksam på at NVE sin stønad til sikringstiltak i utgangspunktet berre gjeld sikring av eksisterande busetnad, ikkje ny. Der sikringstiltak vil legge til rette for ny utbygging i tillegg til å sikre eksisterande busetnad, er det aktuelt å auke distriktsandelen ut over 20 %.

Vi understrekar samstundes at det ikkje er noko til hinder for at kommunen sjølv gjennomfører sikringstiltak, om kommunen finn det naudsynt før NVE eventuelt kan bidra med stønad. NVE vil prioritere arbeidet med sikringstiltak langs Lærdalselvi.

Modellering av Lærdalselvi

I samband med utarbeiding av flaumsonkart for Lærdalsøyri, overlevert kommunen i 2002, vart det sett opp ein vasslinemodell for Lærdalselvi som angir vasshøgde i elva ved ulike gjentaksintervall. Modellen er ajourført for å ta omsyn til oppdatert flaumutrekning, endring av klima og endra føresetnader i modellen som t.d. 1-års stormflo som nedre grensevilkår. Modellen gir svar på naudsynt høgde på sikringstiltak i form av flaumvoll for Lærdalsøyri.

Flaumsonkart

NVE finn det lite føremålsteneleg å ajourføre flaumsonkarta før eventuelle sikringstiltak er vurdert nærmare.

Aktuelt sikringstiltak kan vere flaumvoll, som vil hindre overfløyning av areala bak vollen opp til eit bestemt flaumnivå. Ein plan for flaumvoll må òg ha løysingar for å ta hand om bakvatn (vatn frå bekkar, overvatn og tilsig frå grunnvatn bak flaumvollane).

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr. NO 970 205 039 MVA Bankkonto 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Arealplanlegging, byggetiltak og flaum på Lærdalsøyri

Ny utbygging, fortetting og fornying i område utsett for fare må tilfredsstillende krava i byggeteknisk forskrift (TEK10). Om ein flaumvoll sikrar mot ein 200-årsflaum, vil areala i følgje desse krava i prinsippet vere klarert for bygging av nye einebustader. Unnateke er areal rett bak flaumvollen der ein må ta omsyn til at overtopping eller brot på vollen kan gi farleg sterk straum og erosjon (sjå avsnitt nedst på side 31 i NVE si retningsline 2-2011 *Flaum- og skredfare i arealplanar*). Unnateke er òg bakvassområde som vil verte overfløymd hyppigare enn 200-årsflaum, grunna overvatn, grunnvatn og liknande.

Område som er utsette for naturfarar, skal som hovudregel markerast i plankartet som omsynssoner, jf. Pbl §§ 11-8a og 12-6. Til omsynssonene skal det i naudsynt grad settast føresegnar som avgrensar eller set vilkår for arealbruken.

I mange tilfelle vil andre metodar for sikring enn bygging av flaumvollar vere betre for å oppnå nok tryggleik for ny busetnad, t.d. heving av byggegrunn til flaumsikker høgd. Ein må då ta omsyn til at vatnet vert fortrent og kan gi auka fare for andre bygg i området. Som nemnt i tidlegare korrespondanse, visar eksisterande flaumsonkart for Lærdalsøyri ikkje riktige flaumhøgder på elveslettene bak eksisterande flaumverk. Om kommunen skal tillate nye bygg ved heving av byggegrunn, bør kommunen sjå til at tiltakshavar har fått ein sakkunnig til å dokumentere at dette vil gi tilstrekkeleg tryggleik i høve til utrekna eller anslått flaumhøgde. Kommunen bør òg vurdere behovet for å sette av areal til sikre flaumvassveggar og ev fordrøyingmagasin, og til lokal overvasshandtering (sjå Norsk vann sin rettleiar 162-2008 *Veiledning i klimatilpasset overvasshandtering*).

Vi stiller gjerne opp på eit møte der vi kan ha ein gjennomgang på situasjonen, og drøfte korleis vi skal handtere dette vidare. For NVE høver det med møte i veke 40.

Med helsing


Brigt Olav Samdal
regionsjef


Siss-May Edvardsen
senioringeniør

Arealplanlegging, byggetiltak og flaum på Lærdalsøyri

Ny utbygging, fortetting og fornying i område utsett for fare må tilfredsstillende krava i byggeteknisk forskrift (TEK10). Om ein flaumvoll sikrar mot ein 200-årsflaum, vil areala i følge desse krava i prinsippet vere klarert for bygging av nye einbustader. Unnateke er areal rett bak flaumvollen der ein må ta omsyn til at overtopping eller brot på vollen kan gi farleg sterk straum og erosjon (sjå avsnitt nedst på side 31 i NVE si retningsline 2-2011 *Flaum- og skredfare i arealplanar*). Unnateke er òg bakvassområde som vil verte overfløymd hyppigare enn 200-årsflaum, grunna overvatn, grunnvatn og liknande.


Område som er utsette for naturfarar, skal som hovudregel markerast i plankartet som omsynssoner, jf. Pbl §§ 11-8a og 12-6. Til omsynssonene skal det i naudsynt grad settast føresegnar som avgrensar eller set vilkår for arealbruken.

I mange tilfelle vil andre metodar for sikring enn bygging av flaumvollar vere betre for å oppnå nok tryggleik for ny busetnad, t.d. heving av byggegrunn til flaumsikker høgd. Ein må då ta omsyn til at vatnet vert fortrent og kan gi auka fare for andre bygg i området. Som nemnt i tidlegare korrespondanse, visar eksisterande flaumsonekart for Lærdalsøyri ikkje riktige flaumhøgder på elveslettene bak eksisterande flaumverk. Om kommunen skal tillate nye bygg ved heving av byggegrunn, bør kommunen sjå til at tiltakshavar har fått ein sakkunnig til å dokumentere at dette vil gi tilstrekkeleg tryggleik i høve til utrekna eller anslått flaumhøgde. Kommunen bør òg vurdere behovet for å sette av areal til sikre flaumvassveggar og ev fordøyingsmagasin, og til lokal overvasshandtering (sjå Norsk vann sin rettleiar 162-2008 *Veiledning i klimatilpasset overvasshandtering*).

Vi stiller gjerne opp på eit møte der vi kan ha ein gjennomgang på situasjonen, og drøfte korleis vi skal handtere dette vidare. For NVE høver det med møte i veke 40.

Med helsing


Brigt Olay Samdal
regionsjef


Siss-May Edvardsen
senioringeniør

